

Nederlandsk i tysdagskafeen

26.06.2012



Det er ferietid i Europa og det merkar vi heldigvis også langs ein fjord på Vestlandet i Noreg. Under tysdagskafeen i Gamleskulen sist tysdag var det innslag av tyskarar, denne tysdagen var 4 frå Nederland på plass. Dei 2 ektepara van Huizen og Engbers frå byen Losser like ved den tyske grensen var på ein rundtur med Etne som utgangspunkt. Der bur dei i ei hytte.

I dag stod Uskedalen og Rosendal på programmet. På spørsmålet om korfor dei vitja Uskedalen var svaret at det eine paret var her for 6 år sidan, budde på Rabben og hadde det fint.

Kommunkasjonen fell lett mellom para ettersom dei er naboar heime!

Til venstre sit Sjoulike van Huizen og Gerdie Egbers og til høgre Andre Egbers og Dirk van Huizen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen